**10.000 for månedens beste tips**
**TIPSTELEFON:** 02211 **SMS:** 2211 **MMS:** 2211
**EPOST:** tips@bt.no **SENTRALBORD:** 05500
Alle tips som brukes honoreres med Flaxlodd

mandag
BERGENS TIDENDE 18. JANUAR 2010

BT bommer i Faktasjekk
TOR INGE AKSELSEN, STATNETT, SIDE 22

# Mindre snø enn normalt

**I DAG SNAKKAR VI MED:**
**JOHN IVAR NORHEIM**

**ALDER:** 44
**BUR:** Myrkdalen
**SIVILSTATUS:** Gift
**YRKE:** Dagleg leiar ved Myrkdalen Fjellheisar AS
**AKTUELL:** Alpinsesongen er i full gang



**BRA START:** – *Vi er godt nøgde med sesongen så langt i år, seier dagleg leiar John Ivar Norheim i Myrkdalen Fjellheisar, som er eit underbruk av Voss Fjellandsby.* ARKIVFOTO: ARNE HOFSETH

**Korleis er forholda i bakken?**

– Akkurat no er det heilt topp. Den verste kulden har gitt seg og det er fine køyreforhold. Skulle kanskje ønskt litt meir snø.

**Snømangel i Myrkdalen?**

– Det er på ingen måte fare for skianlegga våre, men vi har faktisk berre halvparten så mykje snø no som på same tid i fjor. Då hadde vi 2,40 meter snø på toppen og 80 cm ved stasjonen. No er det ca. 1,40 oppe og 40–50 cm nede.

**Men Myrkdalen er kjent for store snømengder?**

– Ja, men den langvarige austlege vindretninga og kaldt vêr gjer at vi eit sjeldan år må venta litt lenger på dei store mengdene.

**Korleis er sesongen så langt?**

– Sidan opninga 5. desember har det vore jamn stor trafikk. Sist helg var det rundt 3500 gjester her. Ved årsskiftet låg vi fem prosent bak førre sesong, men den gongen hadde vi ei knallopning allereie 20. november.

**Har kulden dempa på besøket dei siste vekene?**

– Det er ikkje så kaldt her som folk trur. Vi har vore nede i 15–18 minus, men når det er nesten like kaldt i Bergen og nesten dobbelt så kaldt på Voss, er det forståeleg at nokon trur at det er endå kaldare her.

**Kor kjem dei fleste besøkjande frå?**

– Bergensarar på dagstur er dei hyppigaste gjestene våre. I tillegg kjem det folk frå Voss, Sogn og omlandet elles.

**Er det mest brettkøyring eller alpint?**

– Dei fleste står alpint med carvingski. Til no har det vore flotte forhold også for telemarkkøyring på grunn av fin laussnø. Brett er faktisk litt på retur.

**Kor stort mannskap har de her ei helg?**

– Då har vi ca. 50–60 medarbeidarar i sving dersom vi tek med skiskulen og kafeteriaen. Gjennom heile vinteren har vi inne 130–140 sesongarbeidarar, dei fleste skuleungdommar og studentar.

**Kva likar du sjølv best å stå på?**

– Det går mest i alpint for mitt vedkomande, i alle fall ikkje snøbrett.

HÅKON GLATVED-PRAHL

## ps



**magne.gaasemyr@bt.no**
Magne Gaasemyr er journalist i BT

**HERRETRIM** sto det i annonsen, eller kanskje var det gymnastikk for herrer. Eller noe i nærheten. Det var sist høst. Og det var Viking idrettslag. Jeg bet på kroken. Det har jeg ikke angret på. Jeg ble rett og slett hektet.

■ Saken var at jeg i årevis hadde vært på utkikk etter alternativ til studio. Altså treningsstudio. Sist jeg var medlem i SATS, det er noen år siden, gikk det greit i begynnelsen. Men det skled ut. Kjedelige apparater og ingen faste tider. Automatisk trekk på konto. Somlet nesten et år før jeg fikk sagt opp. Har aldri regnet på hvor mange tusen den siste timen kostet.

■ Nå ser jeg frem til hver mandag og torsdag klokken 20. God gammeldags gymnastikk i en time. Til musikk. Og med en utrolig sprek dame som pisker oss rundt.

■ For en som på jobben helt klart havner i gruppen den eldre garde, er det enda mer bonus. Blant de noenogtyve spreke herrene er jeg nemlig den eneste som er født på femtitallet. Nesten ungdom å regne. Resten er spredt jevnt utover i alder. Lammy'en har for lengst passert 75. Og eldstemann, som er født i 1919, er langt sprekere i dag enn da Røde Kors fraktet ham hjem fra Tyskland med de hvite bussene i 1945.

■ De sies at sjelen fødes gammel og dør ung. Kroppen må du passe på selv. I Viking tar de fortsatt mot nye mosjonister med gamle forsetter.

**Dagsfersk avis.**
Uansett hvor du er i verden!




*Omadresser til eAvis på* **bt.no/minbt**

Bergens Tidende